


---

# Planprogram for samfunnsdelen til kommuneplanen

---



Kvinnherad kommune

---

**Fastsett av kommunestyret 24.04.2014**

Sak 2014/21  
Arkiv 2005/3366

---

Kvinnherad kommune skal i løpet av 2014 utarbeida ny samfunnsdel til kommuneplanen. Planarbeidet tek utgangspunkt i den kommunale planstrategien vedteken av kommunestyret 25.10.2012.

## Føremål

Føremål med planarbeidet er å ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Planen skal leggjast til grunn for kommunen sitt eige arbeid og for staten og regionale myndigheiter sine gjeremål i kommunen.

Samfunnsdelen skal vere grunnlag for sektorane sine planar og gjeremål i kommunen og gi retningslinjer for korleis kommunen sine eigne mål og strategiar skal gjennomførast i kommunale oppgåver og ved medverknad frå andre offentlege organ og private.

Samfunnsdelen skal avløysa *Kommuneplan for Kvinnherad – måldokument 1999-2010* som vart vedteken i kommunestyret 31.08.2000.

## Nosituasjon

Gjeldande samfunnsdel vart vedteken i 2000. Det vart starta eit arbeid med revidering av planen i 2005. Dei påfølgjande åra vart det gjennomført ein omfattande prosess med evaluering av gjeldande plan, idédugnadar, visjonsverkstad, scenarioanalyse, temamøte og innspelssamling. Kommunen har no eit omfattande materiale med skildring av utfordringar og framlegg til målsettingar og strategiar. Mykje av dette vart nytta ved utarbeiding og vedtak av planstrategi for valperioden 2011 – 2015. Dei siste åra har arbeidet med samfunnsdelen vore nedprioritert til fordel for arbeid med arealdelen til kommuneplanen, ulike utviklingsprosjekt og handsaming av einskildsaker. Kommuneplanprosessen og budsjett-/økonomiplanprosessane har til no ikkje vore koordinert.

Ny plan- og bygningslov tok til å gjelda frå 2009. Med ny lov kom også endringar for kommuneplanen, mellom anna er det no krav om ein eigen handlingsdel. For å sikra at ny samfunnsdel til kommuneplanen vert i tråd med dagens standard vert arbeidet formelt starta på ny med planprogram og prosess etter reglane i den nye plan- og bygningslova.

I 2012 vart Folkehelselova sett i kraft. Her er det krav om at kommunen fastset overordna mål og strategiar for folkehelsearbeidet i sitt arbeid med kommuneplanar. Kommunen vert også pålagt å ha ein skriftleg oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverkar denne. Ein slik oversikt skal no utarbeidast, og dette vert koordinert med utarbeiding av ny samfunnsdel til kommuneplanen.

## Prosjektskildring

Det skal utarbeidast eit måldokument med ein langsiktig og ein kortsiktig del. Den langsiktige delen vil ha ein horisont på tolv år og meir. Den kortsiktige delen skal seie korleis planen skal følgjast opp dei neste fire åra; dette vert ein handlingsplan som skal reviderast årleg saman med kommunen sin økonomiplan.

I 2014 vert det også utarbeidd ny arealdel til kommuneplanen. Dette vert i hovudsak ei teknisk oppdatering av plankarta og ei samanslåing av fleire kommunedelplanar til ein felles arealdel for heile kommunen, men det vert også lagt opp til einskilde overordna grep. Arbeidet med arealdelen

går parallelt med samfunnsdelen og desse to prosjekta vert løpande koordinert. Formannskapet er styringsgruppe for begge prosjekta, og det er i hovudsak same personar i administrasjonen som har den daglege og faglege leiinga av begge planarbeida.

Det vert berre i liten grad opna for nye innspel til planen, men det er viktig å sikra kvalitet og aktualitet på det materialet som allereie ligg føre. Dette inneber også å ta stilling til saker som har vekse fram eller har hatt ei vesentleg vidareutvikling i den tida samfunnsplanarbeidet har lege brakt (td. skulestruktur, pleie-/omsorgstenester, senterstruktur og vegsamband).

Det er ønskjeleg med eit kortfatta plandokument. Det viktigaste prosessmålet i prosjektet er å slutføra ein allereie omfattande og langvarig planprosess.

Innhald i plandokumentet vil ta utgangspunkt i denne inndelinga, men utan at dette skal reknast som ein endeleg disposisjon:

- |  |  |
|--|--|
| <ul style="list-style-type: none"><li><b>1. Verktøy for å utvikla Kvinnherad</b><ul style="list-style-type: none"><li>1.1. Plan for kven, kva og kvifor</li><li>1.2. Andre/gjeldande planar, rammer og retningslinjer</li></ul></li><br/><li><b>2. Her er vi</b><ul style="list-style-type: none"><li>2.1. Geografi, regionalitet</li><li>2.2. Folketal, demografi, etnografi, kultur</li><li>2.3. Oppvekstvilkår</li><li>2.4. Næringsvegar</li><li>2.5. Differensierande kvalitetar og komparative fortrinn</li><li>2.6. Kommunal økonomi</li></ul></li><br/><li><b>3. Dit skal vi</b><ul style="list-style-type: none"><li>3.1. Visjon</li><li>3.2. Verdier</li></ul></li><br/><li><b>4. Slik skal det gjerast (målsettingar og strategiar)</b><ul style="list-style-type: none"><li>4.1. Prinsipp og premissar<ul style="list-style-type: none"><li>4.1.1. Roller og arbeidsdeling</li><li>4.1.2. Lokalsamfunn og region, folketal, senter, tettstader og ruralitet</li></ul></li><li>4.2. Tene innbyggjarane<ul style="list-style-type: none"><li>4.2.1. Fellesskap og trivsel</li></ul></li></ul></li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>4.2.2. Oppvekst</li><li>4.2.3. Helse</li><li>4.2.4. Pleie og omsorg</li><li>4.2.5. Universell utforming</li><li>4.2.6. Utdanning</li><li>4.3. Rom for næringsutvikling<ul style="list-style-type: none"><li>4.3.1. Fiske</li><li>4.3.2. Havbruk</li><li>4.3.3. Landbruk</li><li>4.3.4. Industri</li><li>4.3.5. Handel og service</li><li>4.3.6. Reiseliv</li><li>4.3.7. Andre næringar</li></ul></li><li>4.4. Styrka samferdsle og kommunikasjon</li><li>4.5. Auka berekraft</li><li>4.6. Betre folkehelse</li><li>4.7. Rik kultur og variert fritid</li><li>4.8. Eit trygt samfunn</li></ul><br><li><b>5. God arealbruk</b><ul style="list-style-type: none"><li>5.1. Føringar for arealdelen til kommuneplanen</li></ul></li><br><li><b>6. Handlingsdel (kommunale tenester og forvaltning)</b></li> |
|--|--|

## Planprosess

Planarbeidet skal følgje plan- og bygningslova sine reglar for utarbeiding av samfunnsdel til kommuneplanen, ma. med planprogram, varsel om planarbeid, høyring/ettersyn og kunngjeringsar. Høyring av planprogram hadde vel seks veker frist for uttale og høyring av planframlegg vil ha minst åtte veker frist.

Forslag til planprogram skal drøftast av formannskapet før det vert sendt på høyring og lagt til offentleg ettersyn. Kommunestyret fastset deretter planprogrammet etter innstilling frå formannskapet.

Kommuneadministrasjonen utarbeider plandokumenta og rådmannen legg den samla planen fram for formannskapet som gjer vedtak om høyring og offentleg ettersyn. Før alle politiske beslutningspunkt skal prosjektgruppa rådføra seg med referansegruppa for planarbeidet. Ved høyring skal planframlegget også leggjast fram for dei tre fagkomiteane (komité for næring og samferdsel, komité for helse, omsorg og miljø og komité for oppvekst, kultur og idrett).

Planframlegget skal behandlast av formannskapet før kommunestyret gjer endeleg vedtak.

## Framdriftsplan

Tid	Aktivitet
<b>Desember 2013</b>	Utarbeiding planprogram
<b>Januar 2014</b>	Politisk vedtak om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram
<b>Februar 2014</b>	Varsel om planarbeid og planprogram på høyring
<b>Mars 2014</b>	Uttalefrist til planprogram
<b>Mars - april 2014</b>	Evt. endring av planprogram
<b>April 2014</b>	Politisk vedtak om fastsetting av planprogram
<b>April - september 2014</b>	Utarbeiding av plan
<b>September 2014</b>	Politisk vedtak om høyring av planframlegg
<b>November 2014</b>	Uttalefrist planframlegg
<b>November - desember 2014</b>	Evt. endring av plan
<b>Desember 2014</b>	Politisk vedtak om godkjenning av plan

## Behov for utgreiingar

Planarbeidet vil fokuserast mot allereie innsamla og etablerte innspel og data:

- Evaluering av gjeldande samfunnsdel (2006)
- Planstrategien si skildring av 24 utfordringar (2012)
- Scenarioanalyse (2010)
- Formannskapet si drøfting av visjon (26.08.2010)
- Resultat frå idédugnadar (2006 – 2007)
- Innspel frå temamøte med næringslivsrepresentantar, reiselivsmøte og ungdomsmøte (2006 – 2007)
- Innspel frå kommunen sine verksemder/tenesteområde (2010 – 2011)
- Nøkkeltal frå KOSTRA
- Kommnehelseprofil frå Folkehelseinstituttet

Føringar frå statlege og regionale myndigheiter skal også leggjast til grunn i planarbeidet og vert i hovudsak henta frå:

- *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* (regjeringa sitt forventningsdokument)
- *Rikspolitiske retningslinjer*
- *Regional startpakke* utarbeidd av Hordaland fylkeskommune

Parallelt med kommuneplanarbeidet vert det gjennomført ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) for Kvinnherad. Resultat frå ROS-analysen med relevans for tema i samfunnsdelen vil verte innarbeidd i planen. Det same gjeld ein oversikt over folkehelsa i Kvinnherad som skal utarbeidast i 2014.

## Alternativ til vurdering

Det vert ikkje utarbeidd alternative planframlegg, kommunen tek sikte på å senda berre eit framlegg på høyring.

## Føringar for arealdelen til kommuneplanen

Samfunnsdelen vil ha overordna målsettingar for mange tema. Ein del av desse vil i eit eige kapittel følgjast opp med konkrete føringar for arealdelen til kommuneplanen. Dette gjeld særleg senterstruktur, bustadpolitikk, samferdsle, næringsutvikling, tenestetilbod, klimautfordringar og samfunnstryggleik.

## Medverknad

Tidlegare i planprosessen har det vore omfattande medverknadstiltak for ulike grupper i Kvinnheradsamfunnet. Planprosessen vert no målretta mot produksjon av plandokument og gjennomføring av formelle prosessar. Ved høyringar, publisering av vedtak og liknande vil kommunen si heimeside, elektroniske nyhendebrev og sosiale medium verte nytta for å gje informasjon og invitera til synspunkt. I høve til barn, ungdom, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne er barnerepresentanten, ungdommens kommunestyre, eldrerådet og rådet for dei funksjonshemma viktige høyringspartar.

## Organisering

**Prosjekteigar:** Kommunestyret

**Prosjektansvarleg:** Verksemdsleiar Samfunnsutvikling Tormod Fossheim

**Prosjektleiar:** Fagkoordinator plan- og byggesak Anbjørn Høivik, verksemd for samfunnsutvikling

**Styringsgruppe:** Formannskapet

**Prosjektgruppe:** Prosjektansvarleg, prosjektleiar, samfunnsutviklar Kjartan Thoresen, kommunalsjef Kjell O. Nygård, folkehelsekoordinator Geir Ove Fosse.

**Referansegruppe:**

- Leiar i komité for næring og samferdsel
- Leiar i komité for helse, omsorg og miljø
- Leiar i komité for oppvekst, kultur og idrett
- Leiar i ungdommens kommunestyre
- Ein representant frå eldrerådet
- Ein representant frå rådet for funksjonshemma
- To representantar frå opposisjonen (Arne Bjørnevik og Otto Benjaminson)

## Ressursbruk

Planprosessen skal gjennomførast med kommunen sine eigne personellressursar. Til eventuell grafisk utforming og digital tilrettelegging av plandokumenta vert det leigd inn ekstern hjelp innafor tildelte ressursar i driftsbudsjettet.